



Damevennene i farten i eige arrangement (Foto: Ola Matti Mathisen)

På eit møte i haust har Aktivitetshusets Damevenner blitt einige om at det er på tide å fornya seg litt for å finna motivasjon og energi til å halda fram med arrangementa sine. Den største endringa er at vi no har bestemt at inntektene frå den årlege Aktivitetsdagen framleis skal vera øyremerka tiltak i Aktivitetshuset, medan inntekta frå dei andre arrangementa våre óg kan bli tildelt andre tiltak som kjem bygda vår til gode.

Forut for arrangementa våre kjem vi no difor til å opplysa om kva inntektene til det aktuelle arrangementet kjem til å gå til. Dette betyr óg atvi no er avhengige av bygdefolket, lag, organisasjonar etc. til å komma med innspel/forslag til oss når det gjeld tiltak dei meiner vi skal støtta. Dette kan dåke gjera ved å kontakta ein Damevenn direkte eller leggja inn forslag på Facebooksida vår.

Som ein konsekvens av dette har vi óg bestemt oss for å endra navnet vårt frå Aktivitetshusets Damevenner til Damevennene. Faste Damevenner i dag er: Klara Bakke, Randi Nybakk, Anette Sund, Ann Kristin Musland, Janne Hjelmeland, Marian Hauso, Siv Kristin Kyrkjeide, Silje Øye, Anne Irene Guddal & Anita Enæs.

Vi framleis eit overskudd igjen etter Aktivitetsdagen i år, og det skal sjølvsagt gå til Aktivitetshuset. Den siste tida har vi lese i avisene og sett

på nyhetene kor viktig det er å ha riktig utstyr på plass når uhellet er ute. Vi har difor beslutta at desse pengane skal brukast til å kjøpa ein hjartestartar som skal vera stasjonert i Aktivitetshuset. Vi meiner dette er eit viktig utstyr å ha på plass i ein idrettshall/forsamlingshus. Men, vi gjer oss ikkje med ein hjartestartar:

Det nærmar seg julemarknad og tenning av julegrana. Som vanleg skjer dette fyrste fredagen i desember, som i år er 2. desember. Inntektene frå julemarknaden julebutikken i Martabu kjem i år til å gå til ein hjartestartar som vi vil overrekka Hagetunet – kontor - (tidlegare Myro) som er ein del av Pleie og Omsorg, Rosendalsona. Ofte står det om minuttar når ein har brukt for slikt utstyr og då er det ikkje alltid like lett å komma til i Aktivitetshallen. Hagetunet ligg strategisk til midt i bygda og her er det alltid vakt på plass både dag og natt slik at det skal gå relativt raskt å få tak i hjartestartaren uansett tid på døgnet.

Vi gjer oppmerksom på at hjartestartaren kan brukast av alle som måtte få bruk for den, men at den må hentast då vaktane på Hagetunet ikkje har anledning til å forlata Hagetunet for å levera denne rundt. Kvar og ein som skal bruka den må óg sjølv ta ansvar for opplæring i bruken av hjartestartaren.

Vi håpar dåke er einige i at dette er gode tiltak å støtta og at dåke framleis vil støtta opp om arrangementa vår i framtida.

NB! Når det gjeld julemarknaden så kan alle som vil ha salgsboder, standar, bidra med underhaldning, hjelpa til med salget eller bidra på annan måte no byrja å melda seg til Damevennene.

Med venleg helsing
Damevennene